


**Handlingsplan for psykisk helse
og eit betre liv
2007-2010**



INNHALD:

1. INNLEIANDE DEL -----	4
2. BAKGRUNN FOR PLANEN -----	4
2.1. Nasjonale mål og føringar -----	4
2.2. Aktuelle bakgrunnsdokument -----	5
2.3. Lovgrunnlag-----	5
3. BRUKARGRUPPER -----	6
4. MÅL -----	7
4.1. Sentrale mål -----	7
4.2. Fyresdal kommune sine egne mål -----	7
5. EKSISTERANDE TILTAK I FYRESDAL KOMMUNE -----	8
5.1. Psykiatrikoordinator -----	8
5.2. Miljøarbeidar -----	8
5.3. Barnehagen-----	8
5.4. Gimle -----	8
5.5. Omsorgsgruppe-----	8
5.6. Ansvarsgruppe-----	8
5.7. Kultur/Bibliotek -----	9
5.8. Helsestasjonen og jordmor -----	9
5.9. Barnevernet -----	9
5.10. Sosialkontoret -----	9
5.11. Legetenesta-----	10
5.12. Heimesjukepleie/heimehjelp-----	10
5.13. Arbeid-----	10

5.14. Aktivitet/Dagtilbud	-----10
5.15. Kyrkja og prostidiakonen	-----11
5.16. Krisegruppa	-----11
6. TILTAK	-----12
6.1. Allmenne tiltak	-----12
6.2. Tiltak for born og unge	-----12
6.3. Tiltaksplan for vaksne	-----13
7. KOMPETANSEHEVING	-----13
8. SAMARBEID MED 2.LINJETENESTEN	-----14
For barn og unge:	-----14
8.1. Notodden Sykehus - Blefjell sektor Nord	-----14
For vaksne:	-----14
8.2. Sykehuset Telemark (ST)	-----14
8.3. Notodden sjukehus-Blefjell-Sektor Nord	-----14
8.4. Seljord Psykiatriske senter	-----14
9. AVSLUTNING	-----15
10. HØYRINGSINSTANSAR	-----15
11. POLITISK BEHANDLING	-----15

1. INNLEIAND E DEL

Stortingsmelding nr. 25 "Åpenhet og Helhet" vart handsama i Stortinget 17. Juni -97. Staten påla kommunane å lage eit plandokument som omtalar den kommunale satsinga overfor menneske med psykiske lidingar. Utfordringa i St.meld nr. 25 var to-delt: å skape eit heilhetleg og betre tenestetilbod for psykisk sjuke, og ei betre forståing og openheit om psykisk sjukdom.

Nå har 10 år gått og opptrappingsplanen for psykisk helse varer ut 2008.

Frå 2009 blir tilskotet til det psykiske helsearbeidet i kommunen lagt inn som ein del av kommunens frie inntekter.

Vilkåra for dei statlege tilskota til psykisk helsearbeid i perioden 1999 - 2008 er at dei skal medføre ei varig styrking av tilbodet til menneske med psykiske lidingar, og etter opptrappingsperioden er avslutta.

2. BAKGRUNN FOR PLANEN

2.1. Nasjonale mål og føringar

Opptrappingsplan for psykisk helse 1999 – 2008 (St.prp.nr. 63 (1997-98)) har som overordna målsetting: "Opptrappingsplanen skal bidra til å fremme selvstendighet og evne til å mestre eget liv for mennesker med psykiske lidelser". Dette skal leggest til grunn i all planlegging, utbygging, organisering og dagleg drift av tenestene på alle nivå. Rammene rundt den einskilde skal ivareta grunnleggande behov som tryggleik og ein verdig livssituasjon.

Det statlege tilskotet skal kome i tillegg til kommunen sitt eige lovfesta ansvar for planlegging, utbygging, finansiering og drift av tiltak og generelle tenester også for menneske med psykiske lidingar, ikkje erstatte det.

Etter 2008 vil aukinga i tilskotet frå staten ikkje halde fram, og midlar til den kommunale psykiatritenesta vil bli overført til kommunane via det ordinære rammetilskotet. Dei statlege øyremerkta midlane skal i fylgje Rundskriv IS-20/2004 nyttast innanfor førebyggjande arbeid, brukarmedverknad og informasjon, og gode bustader for innbyggjarane.

Tiltak for vaksne:

- Ø Tilfredsstillande bustad med tilstrekkeleg bistand
- Ø Moglegheit for å delta i meningsfylte aktivitetar, om mogleg sysselsetting
- Ø Moglegheit til å delta i eit sosialt fellesskap og unngå sosial isolasjon
- Ø Naudsynte og tilpassa helse- og sosiale tenester
- Ø Styrking av brukarmedverknad

Tiltak for born og unge:

- Ø Utbygging av psykososiale tenester og kultur- og fritidstiltak for barn og unge som har eller er særleg utsett for psykiske problem eller lidingar
- Ø Styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta med vekt på psykososialt arbeid og etablering av helsestasjon for ungdom
- Ø Kompetanseheving og rekruttering

2.2. Aktuelle bakgrunnsdokument

- St.Melding 25 (1996-97) Om psykiske lidingar og tenestetilboda.
- St.prop. 63 (1997-98) Om opptrappingsplan for psykisk helse 1999-2006
- Rundskriv I –4/99 Opptrappingsplan for psykisk helse 1999-2006

2.3. Lovgrunnlag

Kommunehelsetenestelova § 1-1 og 1-3 peikar på kommunens ansvar for helsetenesta, medisinsk habilitering og rehabilitering, samt pleie og omsorg. § 1-4 handlar om kommunens plikt i forhold til samarbeidet med 2. linjetenesta.

Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (LOV 1999-07-02 nr.62)

§1.1- formålet med lova er å sikre at etablering og gjennomføring av psykisk helsevern skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med grunnleggande rettsikkerhetsprinsipper. Formålet er å sikre at dei tiltaka som er beskreve i lova tar utgangspunkt i pasientens behov og respekt for menneskeverdet.

Lov om pasientrettigheter (LOV 1999-07-02 nr. 63) – seier at lova har som mål ” å bidra til å sikre befolkninga lik tilgang på helsehjelp av god kvalitet ved å gi pasientene rettigheter over for helsetenesta. Bestemmelsar i lova skal bidra til å fremme tillitsforhold mellom pasienten og helsetenesta og ivareta respekten for den enkelte pasients liv, integritet og menneskeverd.”

Lov om helsepersonell (LOV 1999-07-02 nr.64)-§1- har som formål å bidra til tryggleik for pasientene og kvaliteten i helsetenesten samt tillit til helsepersonell og helseteneste.

Lov om spesialisthelsetenesten (LOV 1999-07-02 nr.61)

” §1.1 Lovens formål er særlig å:

1. *Fremme folkehelse og motvirke sykdom, skade, lidelse, funksjonshemninger.*
2. *Bidra til å sikre tjenestetilbudet kvalitet.*
3. *Bidra til likeverdig tjenestetilbud.*
4. *Bidra til at ressursene utnyttes best mulig.*
5. *Bidra til at tjenestetilbudet blir tilpasset pasientens behov, og*
6. *bidra til at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasientane.”*

Lov om sosiale tenester § 3-1 peikar på sosialtenesta sitt ansvar for å utvikle og styrke det sosiale nettverket. § 3-4 handlar om sosialtenesta si plikt til å skaffe bustad/tilpassa bustad for personar som ikkje sjølve kan ivareta sine interesser. § 4-2 omhandlar sosialtenesta si plikt til praktisk bistand til personar med særlig hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemming eller alder.

Lov om barnevernstenestar § 1-1 peikar på barnevernstenesta sitt ansvar for å sikre at barn som lever under forhold der utvikling og helse er i fare får nødvendig hjelp og omsorg. Kommunen skal og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Dette gjer til at vi har eit ansvar for å drive førebyggjande arbeid.

3. BRUKARGRUPPER

Førekomsten i Telemark av dei alvorlegaste psykiske lidningane har vore stabil lenge. Ved schizofreni er førekomsten ca 3 pr. 1000 innbyggjar, manisk-depressive lidingar 6-8 pr. 1000 innbyggjar, alvorlege personlegheitsforstyringar ca. 10 pr. 1000 innbyggjar. For Fyresdal vil dette seie ca 26 personar til saman. I tillegg kjem dei personane som strevar med angst, depresjonar, livskriser, spiseforstyringar eller rus kombinert med psykiske problem.

Psykiske lidingar har ulike orsakar. Genetiske, biokjemiske, psykologiske og sosiale faktorar verkar saman. Og kva for innverknad desse ulike faktorane har, er forskjellig for ulike type lidingar og for den einskilde person. Kva som er effektive tiltak varierer med desse faktorane.

Alvorlege psykiske lidingar som schizofreni og manisk-depressive lidingar har mest truleg genetiske og/eller årsakskomponenter. Undersøkingar viser at førekomsten av desse alvorlege psykiske lidingane har halde seg på eit stabilt nivå også i dei seinare åra.

Derimot syner talet på psykiske vanskar som fylgje av oppvekst og psykososiale påkjenningar ein drastisk auke. Årsakene til dette er kompliserte, men inkluderer mellom anna endring i samfunnet, utdanning og yrkesstruktur.

Mentale lidingar og psykososiale problem er å finne i alle samfunnslag, og av landet si totale folkemengde reknar ein med at kvar tredje person i løpet av livet vil vere ramma av mentale helseproblem av varierende alvorsgrad.

Personar med psykiske problem utgjer om lag 15% av langtidssjukefråveret i Noreg.

All forskning og erfaring syner at dess tidlegare ein set inn tiltak i menneskes liv som fungerer, dess større mogelegheit er det for å få eit godt resultat. På bakgrunn av dette har staten gitt føringar på at minst 20% av dei øyremerka midlane skal gå til barn og unge. Barn sine problem heng tett saman med dei vaksne som dei har rundt seg, og derfor er det viktig å ta vare på heile familien, og nettverket rundt.



4. MÅL

4.1. Sentrale mål

Målsetting frå Stortingsmelding 25 (1996-1997): ”Overordna målsetting for tenester til menneske med psykiske lidelser er å bidra til å fremme sjølvstendighet og evne til å meistre eget liv. Dette forutset lagt til grunn for planlegging, utbygging, organisering og daglig drift av tenestar på alle nivå. Rammene rundt den enkeltes tilværelse må ivareta grunnleggende behov for trygghet og en verdig livssituasjon.”

Målet med å pålegge kommunane å lage ein plan for tenester til menneske med psykiske lidingar og deira pårørande er frå staten si side å bidrage til å fremme sjølvstende og til å meistre eige liv for denne gruppa. Målet skal ein oppnå ved å sete brukarane i sentrum og samarbeide med brukar, deira pårørande og brukarorganisasjonar. For å skape eit slikt tenestetilbod i kommunen må forvaltningsorgana, på tvers av fag og avdelingar samarbeide.

Målsettinga er at minimum 20% av innsatsen rettast inn mot barn og unge.

Sosial og helsedirektoratet oppfordrar kommunane til å vere pådrivarar for at skulane tek i bruk programmet ” Alle har en psykisk helse” som ein del av skulesatsinga ” psykisk helse i skulen”. Målet med programmet er å betre skulemiljøet og barn og unges psykiske helse.

4.2. Fyresdal kommune sine egne mål

Kommuneplanen 2006- 2009 har føringar på dette området:

- Fyresdal- gjer draumen levande.

Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.

Skule og kultur skal spele ei nykelrolle i utvikling i kommunen.

Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Dei fleste menneskje er saman med andre, og derfor vil behov for tiltak omfatte fleire enn akkurat den som har eit problem. Vi vil sjå tiltak og tenestetilbod samla, og gje eit tilbod ut frå det den einskilde har behov for. Tiltak skal settast i verk saman med den det gjeld, og ein skal til ei kvar tid trekke inn dei ressursane som høver best i kvart tilfelle.

Fokus på førebygging, deltaking og gode løysingar vil vere førande for handlingar for personar som treng støtte i kvardagen. Dette kan gje: Hjelp til sjølvhjelp, aktivitet, sosiale arenaer/nettverk for å fremme sjølvstende og evne til å meistre eiga liv.

5. EKSISTERANDE TILTAK I FYRESDAL KOMMUNE

5.1. Psykiatrikoordinator

Stillinga til psykiatrikoordinatoren er dekt av dei øyremerka midlane. Stillinga er 100 %

Psykiatrikoordinator har ansvaret for:

- Ø Rettleiing og opplæring.
- Ø Ta del i det førebyggjande arbeidet.
- Ø Møta med Barne- og ungdomspsykiatrisk team (BUP).
- Ø Møta med Seljord Psykiatrisk senter (DPS).
- Ø Koordinator i ansvarsgrupper.
- Ø Leiar i kriseteamet.
- Ø Fredagskafeen.
- Ø Fag og koordinerings ansvar for miljøarbeidarane.

5.2. Miljøarbeidar

Miljøarbeidaren(60%)er dekt av dei øyremerka midlane. Stillinga skal brukast på personar med psykisk lidningar. Miljøarbeidaren er knytt opp til fredagskafeen ein dag i veka. Resten av stillinga vil bli bruka til å fylgje opp personar i heimen og på aktivitetsavdelinga på POS.

5.3. Barnehagen

Barnehagen har satt av nokre plassar til barn som treng plass pga. belastningar i heimen. Barnehagen er opptatt av god kontakt med foreldra.

5.4. Gimle

Fyresdal har ein felles barne- og ungdomskule. Elevtalet ligg på ca 200 elevar. Skulen er opptatt å gje den enkelte elev tilpassa opplæring. Skulen har sosiallærar og dei samarbeider med pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). Skulen har miljøarbeidar i 40 % stilling. Stillinga er dekt av psykiatrimidlar.

5.5. Omsorgsgruppe

Gruppa skal ha fokus på å hindre konflikhtar i å utvikle seg, og avdekke behov som treng tiltak frå fleire instansar. Dette er eit samarbeid mellom skulen, barnehagen, kultur, barnevernet, helse og psykiatrikoordinator. I særskilte høve vert andre instansar som lensmann, bibliotek, ungdomsklubbpersonale eller andre innkalla.

5.6. Ansvarsgruppe

Når eit barn eller ein vaksen har trong for hjelp frå ulike lokale hjelpetenester og evt frå spesialisthelsetenesta, vert det danna ei ansvarsgruppe. Gruppene møtest etter behov. Personar med trong for langvarige og samansette tenester har rett på å få utarbeidd ein individuell plan.

5.7. Kultur/Bibliotek

Kulturskolen har ulike tilbud til barn etter skuletid. Ungdomsklubben har ope 2 dagar i veka + ulike helgearrangement, overnattingsturar, datavake og andre arrangement.

Kommunen har en heimel på 50% stilling som ungdom og fritidsleiar, og klubbleiar i 20%.

F.o.m 01.09.06 var det tilsett ein miljøarbeider i 20% stilling, dekt av psykiatrimidlane.

Miljøarbeidaren skal vere ein ekstra ressurs som skal vere tilstades på møteplassane til dei unge. Miljøarbeidar/klubbleiar skal auke barn og unge sin sosiale kompetanse, vere med å skape felles opplevingar som kan danne grunnlag for venskap, og hindre konflikhtar.

Biblioteket har ein sentral og viktig funksjon i Fyresdal, som aktiv møteplass. Biblioteket ligg veldig høgt på utlånstatistikk i høve til resten av landet. Kvar onsdag er det nærast ein form for frisklivstiltak i Fyresdal med felles aktivitetsdag: Opent bibliotek, svømmehall, biblioteket som sosial arena med blanding av generasjonar og open ungdomsklubb.

5.8. Helsestasjonen og jordmor

Helsesyster har 80% stilling, 5% av denne er dekt av dei øyremerka midlane. Helsesyster har eit førebyggjande delansvar for helsetenester til barn og unge. Helsesyster er psykiatrikoordinatoren sin samarbeidspartnar i førebygginga av psykososiale problem hos barn og unge. Helsesyster og jordmor har samtaler med dei som skal bli foreldre og går også på heimebesøk saman til barnet og foreldra.

Fyresdal har jordmor i 75% stilling. Ho har teke tilleggsutdanning med vekt på rusførebygging hos gravide og foreldre med små barn. Noko av denne vidareutdanninga vart dekt av dei øyremerka midlane. Jordmor er aktiv saman med helsesyster og har samlivs og etikk undervisning for ungdomsskuleelevar.

Helsestasjonen fungerer også som ungdomshelsestasjon, og jordmor har gjennomført eit prosjekt med SMS-kontakt til ungdom. Prosjektet er utvida til ei teneste. Tenesta er flittig brukt. Ønsker å utvide tilbud på ungdomshelse med fleire temamøter.

5.9. Barnevernet

Tenesta er organisert som eit interkommunalt føretak for Vest- Telemark med kontor i Kviteseid (BVS). Barneverntenesta samarbeider med den kommunale helsetenesta, barne- og ungdomspsykiatrien, psykiatrisk ungdomsteam, vaksenpsykiatrien, alternativ til vold og Borgestadklinikken.

BVS har 11,5 stillingsheimlar. Stillingane blir nytta fleksibelt på tvers av kommunane.

5.10. Sosialkontoret

Ny ordning med etablering av NAV kontor Fyresdal kommune. NAV kontoret har ansvar for sosialtenester som tidlegare vart utført av kommunens sosialkontor.

Støttekontaktrekrutteringa i Fyresdal er no bra etter ein rekrutteringsprosess med opplæring og rettleiing. Dette er det viktig at vi held fram med.

Fyresdal har ingen bustad som er spesielt tiltenkt menneske med psykiske lidingar, men dei søker på lik linje med andre, får ein individuell vurdering, og får tilbud om bustad i løpet av kort tid.

5.11. Legetenesta

Fyresdal har 2 legar i 100% stilling.

Alle pasientane har høve til oppfylging av lege.

For folk med psykiske lidningar er det spesielt viktig å ha oppfølging av ein fast lege. Dette fordi det kan ta lang tid å bygge opp tillit i arbeidet med personar med psykiske lidningar.

Legane og psykiatrisk helseqrbeder har jamleg kontakt ifht pasientar. Samarbeidet er knytt opp mot Seljord Psykiatriske Senter, Sykehuset i Telemark og Barne og ungdoms psykiatrisk team(BUP).

5.12. Heimesjukepleie/heimhjelp

Heimesjukepleia og heimhjelpa har fast kontakt med personar som har psykiske problem.

Dette skjer i tett samarbeid med lege og psykiatrilhelsetenesta. Målsettinga er: behandling, hjelp til sjølvhjelp, oppmuntre til aktivitet og medverke til at sosialt nettverk vert oppretthalden/etablert.

Tryggheta om at det er nokon som kjem heim til dei er viktig, då vi veit at mange med psykiske lidningar har lett for å isolere seg.

Pleie- og omsorgstenesta har avlastningstilbod for brukarar som har trong for det anten for eigen del eller av di pårørande har trong for avlastning.

5.13. Arbeid

Telemark lys er ei atfføringsbedrift som kan tilby atfføringstiltak for personar med ulike behov.

5.14. Aktivitet / Dagtilbod

Frå 1.januar 2008 vil kommunens psykiske helsearbeid bli styrka med utvida tilbod ved Daghuset for menneske med psykiske lidningar og med førebygging av psykososiale problem. Her vil vi ta på alvor brukarens ønskjer, mål og ressursar.

Daghuset kan både vere eit lågterskeltilbod, som eit ledd i behandlinga for menneske med alvorleg psykisk lidning og som eit supplement til individuell oppfyljing i heimen.

Dagtilbodet er ein møteplass med ulike aktivitetstilbod tilpassa den enkelte brukar. Ein søker å etablere arbeidstreningstilbod, – angst – samtale - og fysisk aktivitetsgrupper.

Fredagskafeen på Daghuset kan bli drive av brukarane sjølv og som eit arbeids/aktivitetstiltak med rådgjeving av fagpersonar. Her kan samarbeid med NAV vere av betydning for enkelte brukarar med særleg trong til eit psykososialt arbeidstreningstiltak.

Ein legg vekt på brukarmedverknad, som gir rettigheter og plikter både til brukaren og fagpersonane.

Daghuset vil vere bemanna på dagtid av fagpersonar med kompetanse innan psykisk helsearbeid.

For barn og unge kan tilbodet ved Daghuset vere ein aktuell møteplass på kveldstid i helgane, som då vil vere bemanna av barne- og ungdomsarbeidar.

Det er av stor betydning å ivareta samhandlinga mellom brukaren og tenesteytar ved å organisere møter mellom brukarorganisasjonen Mental Helse og fagpersonar innan psykisk helsearbeid.

Daghuset kan også brukas som møteplass for pårørande sine interesseorganisasjonar

5.14.1 Aktivitetstilbod ved Pleie - og omsorgsenteret

Ved pleie og omsorgsenteret er det etablert og styrka ei aktivitetsavdeling som er retta mot fleire grupper, og personar med psykiske lidningar. Avdelinga gjev eit aktivitetstilbod 5 dagar i veka, i samarbeid med t.d. pleie- og omsorgstenesta, støttekontaktar, kultur, skule, kyrkja og frivillige. Tysdag og fredag er det ope for alle og ein kan då bestille middag.

Samarbeid med andre er særst viktig for å kunne nå flest mogleg av dei som har behov for det. Målsetting: Individuelt tilpassa tilbod, hjelp til sjølvhjelp, etablere/opprethalde sosiale arenaer.

For å gjere aktivitetstilboda lett tilgjengelege, er transport eit viktig element.

5.15. Kyrkja og prostidiakonen

Gjer tilbod om samtale til menneske som måtte ynskje det.

Allsidige tiltak frå fysisk aktivitet til samtalegrupper.

5.16. Krisegruppa

Kommunen har ei krisegruppe som er samansett av kommunelege 1, psykiatrikoordinator og prest. I tillegg kjem diakonen i Vest-Telemark, helsesyster, jordmor og sosialkontor og andre inn ved behov.

Gruppa har som funksjon å hjelpe ved brått og uventa dødsfall og engasjere seg i den akutte krisesituasjonen. Krisegruppa er ein del av kommunens beredskapsplan.

6. TILTAK

6.1. Allmenne tiltak

Arbeidet med å tenke heilskap, og tiltak som heng i hop, er viktig å halde fram med. Det at ein har etablert ei mental helsegruppe i kommunen bidreg til at kvaliteten på tenestene og at brukarane har auka innflytelse på eigen livskvalitet.

6.2. Tiltak for born og unge

- Ø Førebygge mobbing. Miljøarbeidarane som er tilsett observerer, blir kjent med og kan raskt sette inn tiltak i høve barna/ungdomane både på skulen, fritida og på biblioteket som er ein sentral møteplass for folk i bygda. Dei kan fylgje med på korleis miljøet er blant born og unge i bygda, og kan gripe inn når ting er i ferd med å bli gale.
- Ø Ta i bruk programmet ” Alle har ei psykisk helse” som ein del av skulesatsinga ” psykisk helse i skulen.
- Ø Skulen samlar personalet ein gong i veka og set spørsmålet om mobbing på dagsorden.
- Ø Kontaktlærer på skulen har personlege samtalar med kvar elev minst 3 gonger i året.
- Ø Møteplass for foreldre i barnehagen, ”uformell kaffestund ”der ein blir betre kjent med barnehagepersonalet og ein kan lettare bli kjent med andre foreldra.
- Ø Omsorgsgruppe - førebyggjande hjelpetiltak for barn som kan utvikle psykososiale problem.
- Ø Helsesyster er ofte på skulen og i barnehagen. Dette gjer at ho er i ein unik posisjon for barn/unge, då barna og dei unge kjenner ho.
- Ø Telemarkspiloten gir rettleiing til foreldre som slit med barn med sterkt temperament. Fyresdal kommune har ein spesialpedagog med denne utdanninga.
- Ø Jordmor er tilgjengeleg på SMS for ungdom.
- Ø Oppretthalde ungdomsklubben to gonger kvar veke.
- Ø Somartilbod til barn som treng gode opplevingar.
- Ø Ansvarsgrupper - lage individuelle planer for den enkelte ungdomen/barnet. Det er ofte mange partar involvert når denne gruppa treng hjelp.
- Ø Få rett hjelp til rett tid - få rettleiing frå BUP.
- Ø Auke kompetansen på ulike psykiske lidingar hjå barn og unge.
- Ø Vere raske til å ta kontakt med BUP for å få ei rask utredning.
- Ø Opprette eit samarbeid med Foldsæ-/ Steinerskulen.



6.3. Tiltaksplan for vaksne

- Ø Mental Helse er etablert i Fyresdal i 2004. Dette er ein viktig ressurs, og viktig å oppmuntre til vidare innsats.
- Ø Arbeidsplassar: Skaffe fleire arbeidsplassar og arbeidsplassar som er tilpassa den enkelt.
- Ø Eit nærare samarbeid med Telemark lys- attføringsbedrift.
- Ø Styrking av dagtilbod:
 - § Auka tilbod slik at fleire personar skal få eit tilpassa aktivitetstilbod.
 - § Større samarbeid med frivillige.
 - § Transporttilbod til dei som treng det.
 - § Forhindre isolasjon og betre livskvaliteten.

- Ø Psykiatrisk hjelpeleiar inn i heimar.
- Ø Tilfredsstillande bustad med tilstrekkeleg bistand.
- Ø Auke kompetansen på psykiske lidningar hjå vaksne.
- Ø Haldningsskapande arbeid.
- Ø Støttekontaktar: Tverrfagleg samarbeid. Rekruttering og oppfølging av støttekontaktane.
- Ø Kultur og fritidstiltak: Gjennom musikk og kulturskule ynskjer ein å skape aktivitet som fangar opp utsette grupper og personar med psykiske lidningar. Depresjonane minkar ved aktivitet og meistring.
- Ø Få rett hjelp til rett tid- rettleiing frå DPS Seljord.

7. KOMPETANSEHEVING

Det er gjort er eit stort lyft på formell kompetanseheving, men kommunen får stadig nye utfordringar som ein må søke kompetanse på. Personar som har dobbeldiagnose (psykisk lidelse/ rusavhengighet) er eit eksempel på kva kommunen treng kompetanse i.

Ved at ein nå har etablert ei Mental helse-gruppe i kommunen gjer til at kompetansen har auka i kva personar med psykiske lidningar treng og ynskjer av tilbod.

8. SAMARBEID MED 2.LINJETENESTEN

Før barn og unge:

8.1. Notodden Sykehus - Blefjell sektor Nord

Fyresdal kommune er tilknytt Barne og ungdomspsykiatriske poliklinikk (BUP) - Notodden.

Notodden poliklinikk har hatt ventetid på 4-6 måneder men er flinke til å vurdere om det er noko som hastar og ein får då tilbod raskare.

Dei gjev tilbod om:

- Ø Utredning og behandling
- Ø Telefon-retteleing
- Ø Konsultasjonstid
- Ø Deltek i ansvarsgrupper for einskilde saker i Fyresdal

Det viser seg at det best resultat får ein når omsorgspersonar, nærmiljø og det lokale hjelpeapparatet er aktivt med i eit samarbeid. Det er derfor viktig å ha eit godt og nært samarbeid med BUP når mykje av hjelpa skal hentas i det lokale hjelpeapparatet.

Fyresdal kommune er nå fornøgd med samarbeidet med BUP-Notodden, dei stiller opp på ansvarsgrupper og gjev retteleing.

Kvar 6. veke kjem det opp 2 personar til Fyresdal for drøfting av ulike saker. I denne drøftingsgruppa sit : helsesyster og psykiatrisk helsearbeider. Andre samarbeidspartnarar blir kalla inn ved behov og ynskje.

Før vaksne:

8.2. Sykehuset Telemark (ST)

Sykehuset Telemark har ansvaret for øyeblikkeleg-hjelp funksjonen for heile fylket. Dei har ein egen akuttavdeling med 28 plassar. Den skal gje eit differensiert tilbod til pasientar som treng akutt behandling på sjukehus.

Samarbeidet med Sykehuset Telemark har vore positivt. Dei har vore på samarbeidsmøte i Fyresdal og dei har teke kontakt ved utskriving, og etter inntaksmøter.

Videre har ST ein sikkerheitspost, alderspsykiatriskpost, 2 psykosepost, poliklinikk og ei avdeling for intermediærbehandling.

8.3. Notodden sjukehus-Blefjell-Sektor Nord

Sjukehuset har lokalfunksjon for 11 kommunar, inkludera Fyresdal. Notodden har ein vaksenpsykiatrisk korttidsavdeling med 9 plassar og ein dagavdeling med 8 plassar. I tillegg er der ein vaksenpsykiatrisk poliklinikk. Fyresdal har hatt lite samarbeid med avdelinga og poliklinikken på Notodden, då det meste går igjennom Seljord Psykiatriske senter.

8.4. Seljord Psykiatriske senter

Senteret har ein vaksenpsykiatrisk poliklinikk , 2 sengepostavdelingar med til saman 25 døgnplassar og ein dagpost .

Tilbodet og samarbeidet er veldig godt og dei har sjeldan lang ventetid for plass. Vanlegvis 1-2 veker. Representant frå avdelinga kjem og ut til heimen, til den som eventuelt skal leggest inn, for ei forvernsamtale.

Poliklinikken har akuttimar for vurdering, noko som er verdifullt for små kommunar der ein ofte sit med mykje ansvar aleine. Poliklinikken er og svært flinke til å ta kontakt tilbake om ein prøver å få tak i dei.

Teamet har faste møtedagar i kommunen kvar 6. veke. Dette teamet består av psykolog og psykiatrisk sjukepleiar. Dei gjev råd og rettleiing til legar, psykiatrikoordinator og anna personell i kommunen som måtte trenge det. Dette er eit svært viktig møte, der ein i tillegg til å få råd og rettleiing og blir kjent med dei personane som jobbar på poliklinikken.

Psykiatrisk helsearbeider har tilbod om fagleg rettleiing i gruppe med dei andre koordinatorane i Vest-Telemark kvar 2. veke. Dette er eit verdifullt tilbod.

9. AVSLUTNING

Dei fleste menneske med ein psykisk lidning befinn seg utanfor institusjonar. Enkeltmenneska vil vere avhengig av tilpassa hjelp frå det kommunale hjelpeapparatet.

Dette inneber at kommunens generelle tenesteapparatt må forsette å arbeid slik at tilboda til denne gruppa blir tilfredstillande.

Med tanke på dette er det nødvendig å satse på ein opprustning og utvikling av tilboda i kommunen og etter 2008.

Under arbeid med rullering av planen har desse kome med innspel:

- Ø Helse og sosial v/ avd.leiar Kari Lassemo
- Ø Helsestasjon v/ helsesyster Solveig K Tveitå
- Ø Jordmor v/ jordmor Ågot T Nesland
- Ø Helse og omsorg v/ sektorleiar Vivi A Nielsen

10. HØYRINGSINSTANSAR

- Ø Mental helse v/ leiar Trine Kirkevold

11. POLITISK BEHANDLING

- Ø Eldrerådet
- Ø Hovedutval for kultur og oppvekst
- Ø Kommunestyret